



Status oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten om spesialpedagogisk hjelp, tilrettelagt opplæring og tidleg innsats

Kontrollutvalet, ved Ingeborg Uppheim

Kommunalsjef for Oppvekst

Føremål for rapporten:

Sjå til at kommunen har tilfredsstillande system, rutinar og ressursar retta mot tidleg innsats for born og unge som har rett til spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelagt opplæring.

Hovudproblemstilling

Etterlever oppvekst målet om tidleg innsats blant born og unge i Vossaskulen?

Hovudproblemstillinga delt opp i fire problemstillingar:

1. Kva system, rutinar og ressursar har kommunen retta mot born og unge som har rett til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning/individuell tilrettelagt opplæring?
2. Vert det arbeidd systematisk i barnehagar og skular for å avdekka lærevanskar, åtferdsvanskar sosial integrering blant born og unge?
3. Set barnehagar og skular i gang tiltak for å motverka skeivutvikling blant born og unge med identifiserte lærevanskar?
4. Opplever barnehagane og skulane at PPT har naudsynt kompetanse og ressursar til å gi riktig hjelp til riktig tid?

På grunn av innføring av ny opplæringslov sommaren 2024 vedtok kontrollutvalet å utvida revisjonen med fylgjande problemstillingar:

- I kva grad påverkar lovendring i Opplæringslova skulen si responstid og innhaldet i opplæringa?
- I kva grad påverkar lovendringa om tilrettelagt opplæring behov for kompetanseutvikling og ressursar i skulen?
- Korleis sikrar PPT rutinar og prosedyrar knytt til tilpassa og tilrettelagt opplæring?
- Korleis samarbeider PPT med skulane og barnehage?

10 tilrådingar totalt – oppfølging oppsummert

- Rapporten er laga på gamle planar, rutinar, skjema, prosedyrar osv. Dette gjer at rapporten har lite relevans for arbeidet som no vert gjort i barnehage og skule innan det spesialpedagogiske feltet.
- Endringane som har vore gjort siste åra, særleg i samband med tilsyn frå statsforvaltaren i høve spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og individuelt tilrettelagt undervisning i skule, svarar i stor grad ut tilrådingane frå forvaltningsrevisjonen.
- Rapporten frå forvaltningsrevisjonen er utarbeidd på bakgrunn av intervju med 3 styrarar og 2 rektorar. Slik me ser det er dette eit tynt grunnlag til å konkludera på i høve «*spesialundervisning – tidleg innsats og samhandling mellom barnehage, skule og PPT*».

Vurdering: tilrådingane er hovudsak etterlevd, med unntak av nokre få punkt



Tilsyn av statsforvaltaren i høve spesialpedagogisk hjelp i barnehage og individuelt tilrettelagt undervisning i skule

Statsforvaltaren hadde i 2024 og 2025 tilsyn med både barnehage og skule i høve spesialpedagogisk hjelp i barnehage og individuelt tilrettelagt opplæring i skule



Tema for tilsyn i barnehage

Har kommunen internkontroll som sikrar at retten til spesialpedagogisk hjelp vert oppfylt, og at borna får spesialpedagogisk hjelp i tråd med vedtak

Tema for tilsyn på skule



Har kommunen internkontroll som sikrar vedtak som oppfyller retten til individuelt tilrettelagt opplæring, og at skulane gjennomfører tilrettelagt opplæring i samsvar med vedtak

Avvik i tilsyna frå statsforvaltaren

Avvik på barnehage:

- Kommunen sikra ikkje at spesialpedagogisk hjelp vart sett i verk frå vedtaksdato
- Kommunen sikra ikkje at borna fekk spesialpedagogisk hjelp i samsvar med vedtaket
- Kommunen sikra ikkje at den som gav spesialpedagogisk hjelp sende ein årleg rapport med innhald i tråd med regelverket til føresette og kommunen.

Avvik på skule:

- Kommunen sikra ikkje at saka var tilstrekkeleg opplyst før det vart fatta vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring
- Kommunen sikra ikkje at det vart fatta vedtak med eit innhald i samsvar med regelverket
- Kommunen sikra ikkje at skulen gjennomførte den individuelt tilrettelagte opplæringa i samsvar med vedtaket
- Kommunen sikra ikkje at skulen sende årsrapport med innhald i samsvar med regelverket til elevar over 15 år og føresette

Retting og lukking av avvik

I samband med tilsyna frå statsforvaltaren har det vore gjort ein grundig jobb med gjennomgang av gamle rutinar, utarbeiding av nye, og opplæring og implementering av nye rutinar.

Det har blitt gjort ein stor jobb i samband med tilsyna, med eit godt samarbeid mellom stab oppvekst, PPT og barnehage/skule.

Avvika er lukka, og statsforvaltaren stadfestar at rutiane våre vil sikra at borna med behov for spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt undervisning får den hjelpa dei har rett på.

Dei nye rutiane som er laga, både for barnehage og skule, er delt inn i fasar for trinna i saksgangen og tilrettelegginga. Det er klare forventningar til styrarar, rektorar, PPT, pedagogar, føresette og elev i alle fasane.

Trygg overgang barnehage-skule

Oppvekst har ein plan for overgang barnehage-barneskule og barneskule-ungdomsskule. Planen legg føringar for kva styrar og rektor skal gjera i samband med overgangane, og korleis barnehagen og skulen skal jobba for å trygga borna i samband med overgangane.

Planen har ikkje vore godt nok implementert, og har vore for omfattande. Planen ligg no til revidering.

I samband med nye rutinar og prosedyrar er det presisert og tidfesta når styrar skal informera rektor om barn med særlege behov som skal byrja på skulen.

Styrarar og rektorar vil få påminning om rutina i høve overgang barnehage-skule gjennom årshjul for spesialpedagogisk hjelp i barnehage, årshjul for individuelt tilrettelagt opplæring i skule, og i rapporteringsskjema.



Tilråding frå forvaltingsrevisjonen:

1. Det er viktig å styrkja arbeidet med tidleg innsats. Rådmannen bør difor syta for at rutinar i trappemodellen vert etterlevd. Eksempelvis kan dei dedikerte rådgivarane frå PPT sjå til at stega i trappemodellen blir følgd før ei eventuell tilvising til sakkyndig vurdering. Dette er viktig for at den sakkunnige vurderinga ikkje vert utsett unødige i påvente av pålagt kartlegging og utprøving.
2. Rådmann bør sjå til at det vert etablert digital infrastruktur i Hauge barnehage for utveksling og lagring av barnemapper som vert brukt i dei kommunale barnehagane.
3. Rådmannen bør vurderer om retningslinene knytt til vedtak om spesialpedagogisk hjelp bør inkludera krav om utarbeiding av ein individuell oppfølgingsplan. Planen vil vera eit verktøy for barnehagepedagogane, foreldre og som eit kriterium i den lovpålagde evalueringa.
4. Rådmannen bør vurderer å gjennomføra ein ROS-analyse for barnehage og skule knytt til behovet for spesialpedagogisk kompetanse. Analysen bør mellom anna sjå på sårbarheit og konsekvensar for mottakarar av spesialpedagogisk hjelp og støtte ved langtidsfråvær og 11 eventuelle opphøyr av arbeidsforhold blant medarbeidarane som yter denne hjelpa. Dette er særleg kritisk for barn som av ulike årsaker knyt tette band til sine hjelparar.

Tilråding frå forvaltingsrevisjonen:

5. Rådmannen bør sjå til at skulane har lik praksis på kven som skal vera mottakarar av den årlege evalueringa knytt til vedtak om ITO.
6. Rådmann bør vurdera om dagens praksis knytt til samarbeid mellom barnehageborn og skuleborn er tilstrekkeleg for å trygga overgangen til fyrste klasse. Dette gjeld også tilgang til lærekreftene som skal overta ansvaret for borna når dei byrjar på skulen.
7. Rådmannen bør vurdera om barnehagepedagogane kan vera ein ekstra ressurs for lærarane i forhold til å planlegga løysingar i overgangen frå barnehage til skule for born med særskilde behov.
8. Rådmannen bør evaluera korleis den nye rolle og ansvarsmodellen mellom barnehage og PPT knytt til spesialpedagogisk hjelp fungerer i forhold til resultat og tidleg innsats.

Tilråding frå forvaltingsrevisjonen:

9. Rektor sitt ansvar er å ta vare på både klassen og den enkelte elev sine behov. Dette betyr å sikra nok lærarressursar til både den ordinere undervisninga, den tilpassa og den individuelle tilrettelagde opplæringa. Rådmannen bør såleis vurderer om utarbeiding av sakkyndig vurdering frå PPT skal ha ei rutine for å avklara med skulen korleis dei kan bruka dei tilgjengelege ressursane på ein hensiktsmessig måte. Ein bør arbeide for meir inkluderande undervisning der ein kan utnytta pedagogiske tilleggsressursar til fleire elevar som har behov for meir skulefagleg støtte.
10. Rådmannen bør sjå til at tilsette i barnehagane og skulane har nødvendig kompetanse innan det spesialpedagogiske området. Dette er avgjerande for at tenestestadane sjølve skal lukkast med å gje born med rett til spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelagt opplæring tilstrekkeleg bistand til å nå vedtekne mål.